



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Repr 23/008	Dato:	13.05.2023

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	22.03.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	15.05.2023	vedtak
Kommunestyret for kvar enkelt eigar	ikkje fastsett	orientering

AVTALE – UTTREDEN FRA HBR – ETNE KOMMUNE

HANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek endeleg avtale i uttreden for Etne kommune slik den er lagt fram.

Saka vert lagt fram som ei orienteringssak i kvar enkelt kommune.

Sakshandsaming i styret 30.03.2023

Framlegg til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Tilråding frå styret for Haugaland brann og redning iks

- Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtek endeleg avtale i uttreden for Etne kommune slik den er lagt fram.

Saka vert lagt fram som ei orienteringssak i kvar enkelt kommune.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Etne kommune hadde uttreden frå Haugaland brann og redning iks med verknad frå og med 1.1.2023.

I representantskapsmøte 22.04.2022, sak 22/016 vart det etablert eit forhandlingsutval for HBR som har framforhandla ein avtale som regulerer prinsippa ved uttreden. Avtalen vil ferdigstillast når rekneskapet for 2023 er klart der nøkkeltal skal leggest inn i prinsippavtala.

Forhandlingsutvalet sitt mandat var å forhandle fram eit forslag til løysing overfor eit samla representantskap.

Signering av avtalen er gjort 5. desember og er vedlagt.

Avtala er oversendt forhandlingsutvalet for uttale før denne vert handsama i styremøte 30.03.2023. Det vart gjennomført møte i forhandlingsutvalet 28.03.2023 der dei tilrår avtala lagt fram i den versjon som er signert 05.12.2022.

Det er ein rekneskapsmessig kostnad som ikkje er klar per no, men som vil vera klar innan handsaming 28.03.2023. Saka vert derfor handsama med dette som utgangspunkt.

ØKONOMI:

Dei økonomiske tala i avtalen er henta ut frå rekneskap 2022.

Tingsinnskot/kapitalinnskot per 01.01.2016 etter selskapsavtala	kr	2 896 372
Tingsinnskot mellom 01.01.2016 - 31.12.2018	kr	5 169 203
Sum - Avgrensa opp til tingsinnskotet per 31.12.2018	kr	8 065 575

Bokført verdi av anleggsmidlar som skal overførast EK per 31.12.2022:

Tabell 1 - Etne	kr	4 995 965
Tabell 2 - Skånevik	kr	1 509 242
Tabell 3 - Utstyr	kr	337 399
Sum	kr	6 842 605

Tar omsyn til Etne sin andel av udekka KLP avviklingstilskot 5,33 % ^A **kr 197 094**

1 % krav i reduksjon i ramma	kr	50 094
Gjeld som følgjer overføring av køyretøy	kr	970 577
EK sin andel av bundne fond (5,33 %)	kr	75 864

UTLØYSINGSSUM **kr 81 068**

Hbr skal betale Etne kommune **kr 81 068**

^A Etne sin andel av udekka KLP avviklingstilskot vil leggest inn når KLP har gjort sin endelege pensjons-/aktuarutrekning.

VURDERINGAR:

Det er ikkje gjort vurderingar rundt sjølve avtala ettersom denne er handsama tidlegare i styre- og eigarmøte.

Faktura for Etne kommune sine kostnader i samband med avtala vert avvist de det vert vist til avtale punkt 8, siste avsnitt. Kostnadane er som vist:

52 650	Advokat
2 462	Timer økonomisjef
17 846	Timer kommunedirektøren
4 510	Timer kommunalsjef drift og utvikling
7 788	Timer personalsjef og lønnskantoret

85 256 Sum merkostnader som skal faktureres tilbake til EK

Haugesund 28.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: 1 Avtale – 2022.12.05 – uttreden Etne kommune med rekneskapstal per 30.03.2023

AVTALE VERDIVURDERING VED UTTREDEN

mellom

Etne kommune (EK)

og

Haugaland brann og redning iks (HBR)

Handwritten initials: RZ db

Innhold

1. INNLEIING	3
2. AVTALEPARTAR	3
3. SELSKAPSAVTALE	4
4. ANLEGGSMIDLAR	4
5. BEMANNING, ORGANISERING OG KOMPETANSE.....	4
6. PENSJON.....	5
7. UTLØYSINGSSUM	5
8. LOVVALG OG VERNETING.....	6
9. UNDERSKRIFT	6
10. VEDLEGG.....	7

1. INNLEIING

Denne avtale vert inngått mellom Etne kommune (EK) og Haugaland brann og redning iks (HBR) i samband med EK sin uttreden av selskapet.

Formål med avtala/verdivurdering er å fastsetje utløysingssum og prinsipp for utrekning av utløysingssum ved EK sin uttreden av HBR.

Verdivurderinga er utarbeidd i samarbeid mellom HBR og EK med fortløpande dialog med partane sine revisjonsselskap. Vidare er denne avtale og verdivurdering vurdert juridisk av partane.

Følgjande prinsipp er lagt til grunn:

- Lov om interkommunale selskap § 30 som omhandlar rettar og plikter.
- Utrekningar av ikkje-tekniske verdiar (kompetanse) som EK gjekk inn med skal målast opp mot status i dag.
- Det skal justerast for tinginnskot i perioden 01.01.2016 til 31.12.2018 og kapitalinnskot ut frå selskapsavtale.
- EK sin andel av bundne fond skal vera ein del av vurderingsgrunnlaget.
- Endeleg dato for utrekningar av sum for uttreden vert sett til 31.12.2022

Partane har avtalefridom og vil med ovannemnde prinsipp inngå ein avtale som fråvik det som Lov om interkommunale selskap § 30 legg opp til.

Eventuell utløysingssum vert utbetalt til den uttredande deltakaren eller til HBR som selskap.

Følgjande kjelder skal leggest til grunn i verdivurderinga:

- Revidert årsrekneskap per 31.12.22.
- Selskapsavtale for HBR iks.
- Lov om interkommunale selskap § 30.
- Kommunal rekneskapsstandard (KRS) nr. 13 (F)
- Sak 18/005 i representantskapet – tinginnskot, med følgjande vedlegg
 - Dok - 2017.12.15 - verdi ikkje-balanseført utstyr
 - Dok - 2017.12.15 - Oversikt balanseført utstyr i kommunane pr 31.07.2017

Verdi av naturaluttaket på utløysingstidspunktet er avgjerande for kva part som skal yte kontantoppgjer ved uttreden. Verdi av naturaluttaket og av selskapet sin verdi tar utgangspunkt i same metode og prinsipp som vart lagt til grunn ved etablering av selskapet.

Endeleg verdivurdering vert gjort per 31.12.2022, og skal vere basert på revidert rekneskap for 2022.

2. AVTALEPARTAR

Avtala er inngått mellom Etne kommune (EK), organisasjonsnummer 959 435 375 som uttredande eigar og Haugaland brann og redning iks (HBR), organisasjonsnummer 819 585 822 som interkommunalt selskap.

Representantar for avtalepartane er kommunedirektør Bjørn Tollefsen for EK og dagleg leiar Dag Botnen for HBR.

For at avtala skal vere godkjent er det ein føresetnad at den er handsama og godkjent i representantskapet for HBR og i kommunestyret i EK.

3. SELSKAPSAVTALE

Det vert vist til selskapsavtala for HBR, herunder:

§ 2-1 Plikt til innskot for deltakarane

Innskot for partane er både selskapskapital- og tingsinnskot. Det er i ettertid også gjort utrekningar for tingsinnskot gjennomført i perioden 2016-2018 og som vert teke med i utrekningar for utløyingsssum.

§ 2-2 Eigarandel og ansvarsfordeling

EK har 5,33 % eigarandel i selskapet. Eigarandelen vert ikkje justert, men det er ved utrekning teke omsyn til EK sine investeringar i perioden 2016-2018.

4. ANLEGGSMIDLAR

EK gjekk inn i selskapet med eit tingsinnskot på kr 2 715 372,- som tilsvarar bokført verdi av utstyr, inventar, dataprogram, materiell, køyretøy som EK disponerte på det tidspunkt selskapet vart etablert. I tillegg er det gjort eit kapitalinnskot på kr 181 000,-. I sum utgjer dette kr 2 896 372,- pr 01.01.16.

I perioden frå 01.01.16 til 31.12.18 utførte Etne ytterlegare tingsinnskot/kapitalinnskot i ein mannskapsbil (Scania P450) og ein ATV, i sum kr 5 169 203,-. Justert tingsinnskot vert etter dette 8 065 575,- og som utgjer «tak» for utløyingsssum.

Tabell 1 og 2 i vedlegg 1 syner ei oversikt over anleggspark ved Etne og Skånevik brannstasjonar. Selskapet har i medlemsperioden investert i ein liten brannbil (FE) som dekkar kartlagt etterslep for Etne brannstasjon. Denne vil per 31.12.2022 ha ein rekneskapsmessig balanseverdi på kr 970 577,-.

Ford Ranger SD 96287 har ei bindingstid på 3 år som følge av avgiftsfritak. Det må søkast om omregistrering der det vert forutsett at dette ikkje utløyser krav om avgift/mva der det vert vist til prosessen ved verksemdsoverføring frå Etne kommune til HBR i 2018.

Frå tabell 1 og 2 i vedlegg 1 er bokført verdi på bilpark per 31.12.2021 kr 6 983 545,-. Det er teke omsyn til kommande avskrivningar ved tidspunkt for uttreden og bokført verdi for balanseførte anleggsmidlar bilpark per 31.12.2022 er kr 6 505 206. Summen inkluderer også Scania P450 som er teke inn som ein del av tingsinnskotet til EK jf. punkt 2.1. i selskapsavtala.

Det er i medlemsperioden fortløpande kjøpt inn utstyr og materiell til alle stasjonar i selskapet, som:

- Verneutstyr som brannhjelmar, røykdykkarbekledning, hanskar, sko, røykdykkarundertøy m.m.
- Ryggsekkpumper, skogbrannutstyr, slangar m.m.
- Røykdykkarutstyr med masker, meisar, flasker m.m.
- Teknisk utstyr m.m.

Verdi for balanseført utstyr, verktoy, inventar m.m. har utgangspunkt i EK sin eigarandel (5,33 %) av bokført verdi per 31.12.2022, jf. tabell 3 i vedlegg 1.

Total bokført verdi av anleggsmidlar (køyretøy og utstyr) som skal først over til EK er per 31.12.2022 kr 6 804 564,-.

Maskinar, verktoy, inventar og utstyr som i dag er på stasjonane i Skånevik og Etne vert overdratt til EK.

5. BEMANNING, ORGANISERING OG KOMPETANSE

For å identifisere verdi på før- og no-bilete for bemanning, organisering og kompetanse, er det teke utgangspunkt i kartlegginga som vart gjort før oppstart av HBR, jf. rapport av 07.09.2017.

Det er i vedlegg 2 ei oversikt over bemanning i 2017 samanlikna med 2022. Vidare vert det i vedlegget vist kva kompetanse som er gjennomført i same periode.

Ut frå storleik på kurskostnad og usikkerheit rundt kurs som ikkje kjem fram av vedlegg 2, vert det konkludert med at EK har fått kurs- og kompetansehevande tiltak utover det som fordelingsnøkkel tilseier. Dette vert ikkje teke med utrekning av utløysingssum.

6. PENSJON

HBR har avtale med KLP for sine tilsette som medfører at eigarar av HBR har løpande framtidige kostnader ved pensjonsordninga for noverande og tidlegare tilsette.

EK vil ta ansvar for sin del av dei framtidige pensjonspliktane frå 1.4.2022 som er det tidspunkt EK tok over arbeidsgjevaransvaret. I tillegg må EK betale ein eingongspremie for forventa framtidig tilleggspremie (§ 9, 3 ledd) til sikringsordninga.

For å finne kva innløysingsverdi desse framtidige pensjonspliktene utgjør, er KLP bedt om å utrekne eit avviklingstilskot for selskapet i heilheit. Dette utgjør pr 01.04.2022 inkl. arbeidsgjevaravgift ei utgift på kr 12 732 522,-.

Selskapet har p.t. premiefond i KLP på kr 9 034 690,- som EK har eigarandel i.

Innståande i premiefond vert trekt frå på avviklingstilskotet.

Udekkja avviklingstilskot vert etter dette kr 3 697 832,-.

Etne sin gjeldsandel (5,33 %) er kr 197 094,-.

7. OVERGANGSORDNINGAR

Det er ein føresetnad for avtala at EK kan operere som eit sjølvstendig brannvesen frå og med 1.1.2023 med omsyn til beredskap. Det er i denne samanheng utarbeidd eit brudokument som skildrar kva plikter og oppgåver som vert overdrege til EK. Dokumentet er omforent av partane og oppgåver skal vera utført innan dei tidsfristar som er sett. Sjå vedlegg 3.

8. UTLØYSINGSSUM

Partane er einige om at IKS-lova § 30 som skildrar utløysingssum som andelen sin nettoverdi når oppseiingsfristen er ute, skal fråvikast. Dette er grunna i at andelen er rekna ut frå folketal og ikkje samsvarar med den reelle eigenkapitalen/innskotet EK har gått inn i selskapet med.

EK sin utløysingssum tek difor utgangspunkt i selskapskapital og justert tinginnskot per 31.12.2018. EK sitt innskot er justert til kr 8 065 575, jf. punkt 4 ovanfor.

Utløysingssummen vert korrigert for EK sine framtidige pensjonsplikter og krav til budsjettreduksjon for 2022 (1 %), jf. punkt 6 ovanfor.

Etter selskapsavtala § 2-2 heftar den enkelte deltakar med heile si formue for sin aktuelle eigarandel av selskapet sine samla plikter. EK sin eigarandel er 5,33 %, jr. selskapsavtalen § 2-2.

Utløysingssum per 31.12.2022 vert som følgjer:

Tingsinnskot/kapitalinnskot per 01.01.2016 etter selskapsavtala	kr
Tingsinnskot mellom 01.01.2016 - 31.12.2018	kr
Sum - Avgrensa opp til tingsinnskotet per 31.12.2018	kr
Bokført verdi av anleggsmidlar som skal overførast EK per 31.12.2022:	
Tabell 1 - Etne	kr
Tabell 2 - Skånevik	kr
Tabell 3 - Utstyr	kr
Sum	kr
Tar omsyn til Etne sin andel av udekkta KLP avviklingstilskot 5,33 %	kr
1 % krav i reduksjon i ramma	kr
Gjeld som følgjer overføring av køyretøy	kr
EK sin andel av bundne fond (5,33 %)	kr
UTLØYSINGSSUM	kr
.... skal betale	kr

Oppstillinga skal reviderast med endelege tal etter revidert årsoppgjer per 31.12.2022.

EK overtar samtlege rettar og plikter knytta til dei eigardelar som vert teke ut der det vert spesielt nemnd at køyretøy SD 96287 er lånefinansiert.

Eventuelle omkostningar knytta til uttrede skal dekkast av uttrede kommune.

9. LOVVALG OG VERNETING

Partane sine rettar og plikter etter denne avtale har Haugaland og Sunnhordland tingrett som verneting.

10. UNDERSKRIFT

Avtala har to originaleksemplar, der partane har eit eksemplar kvar.

Haugesund, 05.12.2022


 Etne kommune
 Bjørn Tollefsen
 kommunedirektør


 Haugaland brann og redning iks
 Dag Botnen
 dagleg leiar

11. VEDLEGG

- 1 Anleggspark (køyretøy og balanseført utstyr)
- 2 Bemanning, organisering og kompetanse
- 3 Brudokument oppdatert per 05.12.2022 - oppgaver som skal løysast av partane